

KLIMAPLAN

2025 - 2035

Sist revidert 15.01.2025
Vedteken 26.03.2025 (sak 027/2025)



Sauda kommune

Innhald

1	Bakgrunn for plan	3
2	Kommuneplanen	3
3	Klimagassutslepp i Sauda.....	3
4	Forventa klimaendringar.....	4
5	Klimamål	4
6	Klimaarbeid mot 2035	4
6.1	Utslepp frå kommunen si verksemd	5
6.2	Utslepp frå Saudasamfunnet	6
6.3	Klimatilpassing og arealbruk	7
6.4	Oppfølging av planen	8

Framsidefoto: John EikCaffery

1 Bakgrunn for plan

Klimakrisa er ein av vår tids største utfordringar. For å avgrensa dei negative konsekvensane av klimaendringane hastar det med å redusera klimagassutslepp. Samtidig må samfunnet forbereda seg på og tilpassa seg eit endra klima i framtida.

Kommunen har gode moglegheiter til å påverka klimautviklinga i Sauda gjennom sine roller som myndigheitsutøvar, samfunnsutviklar, tenesteytar, innkjøpar, eigedomsforvaltar med meir. I tillegg har kommunen eit ansvar for samfunnssikkerheit og beredskapsarbeid, der klimautfordringa vil vere sentral i tida framover. Kommunen bør gå framfor som eit godt eksempel og både prioritera klimaomstilling i eigen organisasjon samt bidra til omstilling blant innbyggjarar, næringsliv og Saudasamfunnet for øvrig.

Sauda kommune har ein klima- og energiplan vedtatt i 2010 som no vert erstatta. Hovudfokus i ny klimaplan er korleis kommunen skal jobba med utsleppsreduksjon, energiomstilling og klimatilpassing fram mot 2035. Dette dokumentet beskriv mål og strategiar for arbeidet. Tiltak og verkemiddel er beskrive i eigen handlingsplan. Dei neste avsnitta gir ei kort oppsummering av ramma rundt planen. Meir utfyllande informasjon ligg i kunnskapsgrunnlaget til planen, og planen bør sjåast i samanheng med denne.

2 Kommuneplanen


Mål, temaområder og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel ligg til grunn for klimaplanen. Energi, klima og miljø er eit utvalt temaområde i samfunnsdelen og det er peika ut strategiar for dette arbeidet som nå blir tatt inn og konkretisert i klimaplanen.

3 Klimagassutslepp i Sauda

Klimagassrekneskap for både Sauda sitt geografiske område og for kommunen si verksemd viser at me er langt unna å redusera utslepp i tråd med nasjonale mål.

Klimagassrekneskap for direkte geografiske utslepp, altså utslepp som skjer innanfor kommunegrensene, er vist i Figur 1. Grafen viser utvikling i perioden 2009-2022, både med og utan sektor industri. Utsleppsniåret for 2022 var på

omtrent 322 000 tonn CO₂e, der nesten 308 000 tonn kjem frå sektor industri som er smelteverket Eramet Sauda.




Figur 1 Direkte utslepp frå Sauda kommune med (over) og utan (under) sektor industri. Figur frå «Klimaregnskap Sauda kommune» (2024), data frå Miljødirektoratet.

Smelteverket står for 96% av Saudas geografiske utslepp, og er Rogalands tredje største punktutsleppskjelde. Ser me vekk frå denne var dei største utsleppssektorane i Sauda i 2022 jordbruk (32%), vegtrafikk (21%), anna mobil forbrenning (18%) og sjøfart (15%). Utsleppsrekneskapet, samt framskrivingar med forventa utvikling, er nærmare diskutert i kunnskapsgrunnlaget til denne planen. Der er også klimarekneskap for verksemda Sauda kommune inkludert.

Arealbruk

Skog og anna vegetasjon bidrar til opptak av karbon frå lufta og utgjør eit viktig karbonlager. Opptak og utslepp frå arealbruk inngår ikkje i klimarekneskapet frå Miljødirektoratet i Figur 1, men det finst eigne rekneskap for dette området for perioden 2011-2015 og 2016-2020 som vist i Figur 2. Netto årleg opptak i Sauda var 15 994 tonn CO₂e i perioden 2016-2020. Opptaket skjer i hovudsak i skog. Det er eit lågare netto opptak i 2016-2020 enn i femårsperioden før grunna arealbruksendringar, spesielt endring frå skog til beite, utbygd areal og dyrka mark.



Figur 2 Utslepp og opptak frå arealbruk. Data frå Miljødirektoratet.

4 Forventa klimaendringar

Fram mot slutten av dette århundret er det forventa store endringar i klimaet. Ifølgje Klimaprofil Rogaland kan Rogaland venta:

- Auke i gjennomsnittleg årstemperatur på ca. 3,5°C mot 2100.
- Auke i årsnedbøren på ca. 10 % (20 % om vinteren).
- Meir intense og hyppigare hendingar med kraftig nedbør.
- Auka fare for flaum i bekkar og vassdrag. Mindre bekkar og elver kan finne nye flaumvegar.
- Auka førekomst av jordskred, flaumskred og sørpeskred.
- Auka stormflo-nivå med tilrådd klimapåslag på 62-81 cm.

Fysisk klimarisiko gir større krav til handtering av overvatn og ras- og flaumhendingar. Nye flaumvegar og auke i stormflo-nivå kan føra til skader på bygningar og infrastruktur i nye områder.

Endringane kan få konsekvensar også for lokalt næringsliv. Til dømes kan mindre snø skapa utfordringar for lokalt reiseliv, endra nedbørsmønster kan vera utfordrande for kraftproduksjon, og landbruket kan møte problem knytt til ekstremvær, tørke og auka førekomst av plante- og dyresjukdommar.

I tillegg til den fysiske klimarisikoen er me også utsett for til dømes grenseoverskridande risiko (klimaendringar i andre land kan påverka oss gjennom til dømes matmangel, politisk uro og auke i klimaflyktningar) og overgangsrisiko (konsekvensar knytt til overgangen til eit lågutsleppssamfunn som nye reguleringar, forbod, avgifter, endra marknadsforhold osv.).

5 Klimamål

Det er tydelege forventningar frå nasjonalt hald til at kommunane prioriterer klimaarbeidet og bidrar til å nå nasjonale mål. Noregs klimamål er vedtatt i Klimaloven:

Klimagassutsleppa i 2030 reduserast med minst 55 prosent frå utsleppsnivået i referanseåret 1990.

Noreg skal bli eit lavutsleppssamfunn i 2050.

Klimagassutsleppa i 2050 reduserast i størrelsesorden 90 til 95 prosent frå utsleppsnivået i referanseåret 1990.

Sauda kommune legg desse måla til grunn for sitt klimaarbeid, med 2022 som referanseår ettersom det ikkje eksisterer klimarekneskap for kommunane tilbake til 1990.

FNs berekraftsmål skal vera førande for norsk utviklingspolitikk mot 2030 og ligg også til grunn for denne planen. Dei mest relevante måla for Saudas klimaarbeid er vist i Figur 3.



Figur 3 Dei mest relevante berekraftsmåla for denne planen.

6 Klimaarbeid mot 2035

Denne planen er delt inn i tre områder; i) utslepp frå kommunen si eigen verksemd, ii) utslepp frå Saudasamfunnet elles og iii) klimatilpassing og arealbruk. Mål og strategiar for arbeidet innanfor dei tre områda er presentert i dei neste avsnitt. Tiltak er beskrive i handlingsplanen. Meir utfyllande informasjon om dei ulike temaområda og bakgrunn for val av strategiar er beskrive i kunnskapsgrunnlaget til planen.

6.1 Utslepp frå kommunen si verksemd

Sauda kommune har utslepp knytt til mykje av sine aktivitetar og oppgåver. Utslepp frå drift kjem til dømes frå transport, bruk av anleggsmaskinar, reiseverksemd, innkjøp av varer, energiforbruk på bygg, og avfallshandsaming. I tillegg er det utslepp knytt til investeringar som større innkjøp og etablering av nye bygg, veg og anna infrastruktur.

Kommunen eig også mange bygg og andre anlegg som samla har eit høgt energiforbruk.

Det er ein tydeleg nasjonal forventning om at omsyn til klima, natur og energi skal ha høg prioritet i kommunen si verksemd. Kommunen bør arbeida målretta for å redusere eigne utslepp og energiforbruk. Dette er viktig også for å visa at kommunen går framfor som eit godt eksempel og er med å driva omstillinga i samfunnet.

Mål

M1.1	Redusera klimagassutslepp frå Sauda kommune si verksemd
M1.2	Redusera kommunen sitt energiforbruk og auka bruk av lokalt tilgjengeleg energi

Strategiar

S1.1	Klimaomsyn integrerast i all kommunal verksemd der det er relevant
S1.2	Energieffektivisering i kommunale bygg
S1.3	Auka lokal energiproduksjon gjennom til dømes bruk av solceller
S1.4	Utbygging av infrastruktur for fjernvarme
S1.5	Aktivt bruka innkjøpsmakt til å redusera klima- og miljøavtrykk
S1.6	Utfasing av fossildrivne kommunale køyretøy og maskinar
S1.7	Tilretteleggja for at kommunalt tilsette går og sykklar til og på jobb
S1.8	Auka grad av avfallssortering og materialgjenvinning
S1.9	Redusera nykjøp og bli betre på gjenbruk, reparasjon, fleirbruk og deling av kommunale areal, bygg og utstyr
S1.10	Redusera matsvinn og klimafotavtrykk frå matforbruk

6.2 Utslepp frå Saudasamfunnet

Kommunen har ei rolle som samfunnsutviklar og tilretteleggjar for klimaomstilling også hjå næringsliv og innbyggjarar som utgjer Saudasamfunnet for øvrig.

Kommunen kan bidra til dømes ved å tilretteleggja for klimavennlege val, driva informasjonsarbeid, skapa møteplassar for erfaringsdeling med meir.

Det viktigaste enkelttiltaket for å redusera Sauda sine utslepp er at Eramet lykkast med sine klimaomstillingsprosjekt. Kommunen har liten direkte påverknad på desse utsleppa, men kan vera med å fasilitera og jobba for gode rammevilkår, framsnakka og synleggjera arbeidet og viktigheita av at desse satsingane lukkast, også i eit større perspektiv. Arbeidet som skjer ved smelteverket kan bidra positivt til omstillingsarbeidet også utanfor Sauda.

Mål

M2.1	Bidra aktivt til å redusera klimagassutslepp frå næringsliv og innbyggjarar
M2.2	Redusera totalt energiforbruk frå Saudasamfunnet og auka bruk av lokalt tilgjengeleg energi

Strategiar

S2.1	Vera støttespelar for lokalt næringsliv i deira klimaomstillingsarbeid
S2.2	Samarbeida med næringsliv og andre aktørar om prosjekt knytt til klimaomstilling
S2.3	Prioritera utvikling av næring knytt til grøn kraft, grøn teknologi og grøn mobilitet og styrka sirkulær- og delingsøkonomi
S2.4	Tilretteleggja for at innbyggjarane gjer klima- og miljøvennlege val
S2.5	Tilretteleggja for og prioritera fossilfri og aktiv transport
S2.6	Bruka arealplanlegging som verktøy for å redusera klimagassutslepp og energiforbruk
S2.7	Stimulera til redusert energiforbruk og klimavenlege energiløysingar
S2.8	Utbygging av infrastruktur for fjernvarme

6.3 Klimatilpassing og arealbruk

Uansett korleis klimagassutslepp i verda utviklar seg framover vil klimaet endrast i lang tid. Klimaendringar og hendingar skjer lokalt og kommunane står i første line i møte med klimautfordringa.

Klimatilpassing handlar om å tilpassa samfunnet til framtidens klima og bli betre rusta til å møte utfordringar og farar som oppstår. Det handlar om å vera føre-var og planlegga arealbruk og utforme bygningar og infrastruktur for eit endra klima.

I møte med klimaendringane er naturen eit viktig forsvar gjennom til dømes å absorbera nedbør, dempa flaum, regulera temperatur og hindra skred. Naturen har også ei viktig rolle gjennom opptak og lagring av CO₂ i til dømes myr og skog. Avskoging og

nedbygging av karbonrike areal fører til både utslepp og mindre karbonbinding. Klima må difor vera eit viktig omsyn i vurderingar av arealbruk framover.

Bevaring av natur er også viktig i møte med naturkrise og tap av naturmangfald. I denne planen er ikkje dette temaet inkludert, men det er viktig å presisera at klima og natur må sjåast i samanheng.

Å balansera ønske om utvikling mot vern av areal er krevjande. Areal er ein knapp ressurs og det er mange planar om utbygging og etableringar som vil krevja areal viss dei skal realiserast. Avklaringar rundt framtidig utvikling og arealbruk er difor viktig.

Mål

M3.1	Bli betre rusta til å møte klimaendringane
M3.2	Bevara naturmangfald og naturens evne til å ta opp klimagassar og handtera klimaendringane
M3.3	Klima og natur skal sjåast i samanheng og løysingar på klimautfordringa skal ikkje gå på bekostning av natur

Strategiar

S3.1	Legga klimatilpassing og oppdatert kunnskap til grunn for all kommunal verksemd, inkludert arealplanlegging, forvaltning og planlegging av bygg og infrastruktur
S3.2	Auka kompetanse og tverrsektorielt samarbeid på klimatilpassing
S3.3	Aktiv bruk av naturbaserte løysingar for å forebygga naturfarar
S3.4	Planvask: Revurdera eldre arealplanar og byggeområde opp mot ny kunnskap, krav og forventningar under revisjon av KPA
S3.5	Unngå nedbygging av karbonrike areal, areal som er viktige for klimatilpassing og matsikkerheit, og stilla krav om avbøtande tiltak der det ikkje er mogleg
S3.6	Prioritera fortetting og gjenbruk av utbygde areal
S3.7	Auka kunnskap om risikoutsette område, og samla og tilgjengeleggjera kunnskapen som finst
S3.8	Gjennomføra førebyggjande tiltak og inkludere klimatilpassing i beredskapsarbeid

6.4 Oppfølging av planen

Tiltak som følger opp mål og strategiar i føregåande avsnitt er beskrive i eigen handlingsplan.

Tiltak med økonomiske konsekvensar må vurderast i årlege budsjettprosessar. Det finst fleire tilskotsordningar som kan nyttast til å delfinansiera klimatiltak og kommunen bør bruka desse aktivt.

Ansvar for oppfølging av klimaplan og revidering av handlingsplan ligg hjå kommunedirektør.

Det blir sett av ressursar til å koordinere oppfølging av klimaplanen, og opprettast eit tverrfagleg klimautval for å sikra kontinuitet og heilskap i klimaarbeidet.

Klimaplanen skal reviderast kvart 4. år, eller oftare ved behov. Handlingsplanen skal reviderast kvart 2. år. Klimaarbeidet skal rapporterast på årleg.

Ved framtidig revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal ein legge til grunn kunnskapsgrunnlaget til klimaplanen, og følge opp aktuelle mål og strategiar frå klimaplanen, og aktuelle tiltak frå handlingsplanen til klimaplanen.

Indikatorar for måling av arbeidet

Det bør utarbeidast eit indikatorsett for oppfølging av klimaarbeidet.

Rogaland fylkeskommune jobbar for tida med eit indikatorsett knytt til berekraftsmåla. Mange av desse vil sannsynlegvis vere relevant for klimaarbeidet, og Sauda kommune vil vente til desse er på plass før ein eventuelt supplerer med eigne parameterar for å unngå unødvendig dobbeltarbeid.




Foto: John EikCaffery